

Fylkesmannen trekkjer motsegn

05.02.2010



Dette er planen som no er justert slik at fylkesmannen trekkjer si motsegn

**Fylkesmannen har no trukke motsega som vart fremja i august i fjor mot planframlegget til Actavia Invest AS i Nedre Halsabrotet. Han viser til brev i oktober med justert reguleringsplanframlegg og konstaterer at planframlegget no er endra slik at det ikke lenger er grunnlag for motsegn.**

Det vart fremja motsegn fordi planframlegget etter fylkesmannen si meining var i strid med rikspolitiske retningslinjer for barn og unge med omsyn til leikeareal.

Han skrev at planførere segnene ikkje sikra at minstekravet til leikeareal var oppfylt då det var uklårt kor mange bueiningar som kan bli bygt.

For å imøtekomma motsega måtte planen verta eintydig når det galdt tilhøvet mellom storleik på leikeareal og talet på bueiningar. No er dette justert slik at leikeareal er 50 kvadratmeter for alle bustadene i planområdet.

Av Ola Matti Mathisen